

Oppdragsgjevar: **Aursnes Eiendom AS**
Oppdragsnr.: **52305336** Dokumentnr.: **T2**

Til: Kibsgaard-Petersen arkitekter AS
Frå: Håvard Parr Dimmen
Dato 2024-09-06

► Kryssvurdering fv. 60 Sykkylvsvegen / kv 1090 Nautsvegen i Sykkylven kommune

I samband med detaljregulering av Aursnes industriområde (Plan-ID 15282022003) er det reist spørsmål om krysset mellom fv. 60 Sykkylvsvegen og kv. 1090 Naustvegen har god nok standard i høve til framtidig trafikk i krysset.



Figur 1: Kryssområdet, fv. 60 Sykkylvsvegen / kv- 1090 Naustvegen (kommunekart.com)

På fylkesvegen er fartsgrensa 80 km/t, og gjennomsnittleg døgntrafikk er 3800 køyretøy/dag. Det er ikkje registrert politirapporterte trafikkulykker i kryssområdet.

Oppdragsgiver: Aursnes Eiendom AS
Oppdragsnr.: 52305336 Dokumentnr. T2

Planstatus i kryssområdet

Reguleringsplanen for krysset blei godkjend av Sykkylven kommune i 2010: PlanID 15282010004). I tillegg til sjølve krysset med fylkesvegen, omfatta planen austre del av industriområdet i tillegg til kaianlegget. Eit poeng med planen var at ein skulle sikre tilkomsten til kaianlegget i høve til utskipping av tømmer.



Figur 2: Vegglomme registrert i NVDB (vegkart.no)



Figur 3: Utsnitt av gjeldande reguleringsplan, plan-ID 15282010004 (Sykkylven kommune)

Planen er godkjend, og krysset er bygd med tilhøyrande passeringslomme. Ettersom dette var nytt kryss på fylkesveg, må vegforvaltar for fylkesvegen både ha godkjent planen og det utførte tiltaket som berørte fylkesvegen (ferdigbefaring og overlevering).

I reguleringsplanen ser ein at frisktsona er markert med skravert felt i begge retningar. Siktlinjene er ikkje målsett i planen, men det ser ut til å vere i punkt om lag 135 meter vest og 140 meter aust for krysset.

Gjeldande sikt krav i handbok N100 (2008), hadde truleg utgangspunkt i H2-veg, ein vegstandard som hadde stoppsikt krav $L_s = 100$ meter. Sikt krav langs fylkesvegen var og er $1,2 \times L_s$, noko som gir 120 meter stoppsikt. I utgangspunktet skal då krysset vere bygd og godkjend med tilstrekkeleg sikt. Siktepunkt frå Naustvegen er 10 meter inn i krysset, noko som også er i samsvar med krava. Mot aust er det noko vegetasjon som må skjøttast for å unngå sikthindring ved utkøyring frå Naustvegen. Som veghaldarar må Sykkylven kommune (Naustvegen) og Møre og Romsdal fylkeskommune (Sykkylvsvegen) syte for dette.

Passeringslomme er eit forenkla alternativ til kanalisering med venstresvingefelt, og er i dette tilfellet etablert på ei rettstrekning med god oversikt. Vegvising til Aursneset industriområde er skilta med tabellvegvisar før sjølve krysspunktet, og gir då også litt ukjende trafikantar



Figur 4: Sikt mot krysset, 120 m avstand (vegbilder.atlas. vegvesen.no, juni 2023)

Oppdragsgiver: Aursnes Eiendom AS
Oppdragsnr.: 52305336 Dokumentnr. T2


orientering om avkøyringspunktet før sjølve krysset. Dette er god og tilrådd skilting av kryss med passeringslomme.

- Krysset er bygd etter godkjend plan, og siktkrava skal då vere ivaretatt.
- Ordinære driftsrutinar for veghaldar skal sikre at sikta ikkje vert redusert som følgje av vegetasjon, snøopplag eller liknande.

Dimensjonering og kapasitet i krysset

Kaianlegget på Aursneset er nytta til utskipping av tømmer. Det nye krysset skulle såleis bli opparbeidd med tanke på tømmertransport. Det inneber at krysset skal vere planlagt og bygd med tanke på dette. I sporingskurve i N100 (2008) for vogntog på inntil 22 meters lengde (tømmerbil), er kravet ein ytre svingradius (R_{dim}) på minst 12,5 meter (25 meter i diameter). Dette kravet er uendra i dagens N100.

Ut frå kryssdimensjonane ser det ut til at ein har lagt til grunn køyremåte B for vogntog i høgresving, noko som inneber at ein kjem over i motgåande køyrefelt etter avsving frå hovudveg, jf. illustrasjon i Figur 5.



Figur 5: Køyremåte B
(N100- illustrasjon)

Trafikkavvikling i krysset

Krysset er ikkje planlagt og dimensjonert med tanke på at to store køyretøy (vogntog) skal møtast i "manøvreringsfasen" på den nordlege delen av Naustvegen. Dimensjoneringa vart nok vurdert ved etablering av krysset, men nærare grunngjeving for valt utforming er ukjent. Uansett er krysset etablert i samsvar med godkjent plan.

Kryssutforminga tilseier at høgresving av fv. 60 er mest kritisk for manøvrering. I slike situasjonar har ein god oversikt frå fylkesvegen mot Naustvegen.


I næringsområdet (som omfattar planområdet for detaljreguleringsplanen) er eit overslag på dagens aktivitet 40-50 transportar i veka. I gjennomsnitt utgjer det 8-10 transportar/dag måndag-fredag. Tidspunkt for inn- og utkøyring vil variere, og det er ikkje uvanleg at det er "lageraktivitet" utanom ordinær arbeidstid 08-16. Gjennomsnittet er kanskje ein varetransport i timen, dvs. 2 tungbilturar: Tur og retur.

Ved utbygging og aktivitetsauke som konsekvens av denne detaljreguleringsplanen, er det forventa noko meir trafikk. Eit overslag er 60 transportar i veka. Fordelt på arbeidsdagar og arbeidstimar inneber dette ei lita endring i høve til dagens totaltrafikk i krysset.

Tilkøyring av tømmer til kaiområdet skjer i tidsperiodar som fell saman med hogstsesong og mellomlagring på lunneplassane i området. Det kan reknast høg transportintensitet på dagar med tømmertransport, og ein kan forvente at det slike dagar er meir tømmertransport enn varetransport til/frå planområdet. Den langsiktige auken i varetransport til næringsområdet er ikkje så stor at det bør gi særskilde avviklingsproblem i høve til dagens trafikkavvikling i krysset.

I figur 6 er det illustrert sporing i eit utbetra kryss for vogntog med lengde 22 meter, noko som er standard krav i SvV handbok N100 ved planlegging av kryss. Ordinær lengdegrense for vogntog er 19,5 meter. Det er i tillegg lagt til grunn køyremåte A gjennom krysset.

Oppdragsgiver: Aursnes Eiendom AS
Oppdragsnr.: 52305336 Dokumentnr. T2



Figur 6: Sporing for vogntog (22 meter) i krysset

Behovet for auka trafikkareal er vist med grå skravering i figuren, og som ein ser så er det ved høgresving av og på fv. 60 ein har dette behovet.

Som del av planlagt vil det på sikt bli om lag ein auke frå 180 til 200 tilsette i området. Det vil bli samstundes bli betre tilrettelagt for arbeidsreiser med sykkel. Når regulert gs-veg langs fv. 60 bli realisert, vil det bli meir attraktivt å nytte sykkel til/frå arbeid. Sjølv om det også vert litt auke i ordinær biltrafikk (arbeidsreiser) gjennom krysset, har det lite å seie for avviklinga i krysset.

I reguleringsføresegnene kan det vere rekkefølgekrav om når Naustvegen og krysset skal utbetrast. For å unngå at kryssarealet framstår som meir utflytande, kan ein vurdere om utvidinga er ei utvida (køyrbar) skulder: Det er få køyretøy som treng alt areal i kryssområdet. Ein bør då etablere kantoppmerking i Naustvegen. Som vegeigarar må Møre og Romsdal fylke og Sykkylven kommune ta stilling til dette.

- Planlagt tiltak medfører ein liten trafikkauke i høve til total trafikk i krysset.
- Med utbetra kryss kan 2 store køyretøy kunne møtast i Naustvegen

C02	2024-09-06	Oversending til kunde	HAADIM	KRIROE	HAADIM
C01	2023-12-14	Oversending til kunde	HAADIM	MIRKVA	HAADIM
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.